| **106** | | | | 7. I Skålagato der ein køyrer ned mot **parkeringshuset til Spar**, er det på begge sider for trangt og for høg fortauskant mot Sparbygget, og støypekant for langt inn i krysset på motståande side |
| **107** | | | https://kommunekar | 8. I krysset **Skålagato/Baronivegen** er det uoversiktleg og veldig mange fotgjengarar går over vegen frå «Gamlebanken» til Uglehus-huset , her er det ikkje fotgjengarfelt. |
| **108** | | | https://kommunekar | 9. Ferdigstilling av **gangvegen til Neslia** og fotgjengarfelt der bussen stoppar i dette området. Veglys langs heile gangvegen. Utbygginga av Neslia Øvre gjer at kryssinga av fylkesveg 48 må sikrast for fotgjengarar. Mengda av fotgjengarar som skal over denne vegen vil auka betrakteleg når Neslia Øvre får mange nye barnefamiliar, ikkje minst skal borna frå skulebussen over vegen her |
| **109** | | | https://kommunekar | 10. I området **Flyt aktivitetshus- Malmanger skule** manglar det fortau på aktivitetshus-sida, og overgang til skulesida. Mange ungar har undervisning i aktivitetshuset.(Musikk) |
| **110** | | | https://kommunekar | 11.**Fotgjengarovergan**g frå G/S-veg langs **Nesvegen og over til Rosendalstunet** manglar |
| **111** | | | https://kommunekar | 12. I **Skålagato** er det på Eurospar-sida **to gamle trapper/rullestolrampar** som ikkje fører nokon stad. Utanfor Eurospar og utanfor blomsterbutikken. Desse er til hinder for funksjonshemma i rullestol i dag. |
| **112** | | | https://kommunekar | 13. I området f**rå rådhuset ned mot idrettsplassen/skulen/apejungelen** er det vanskelege forhold for fotgjengarar. Stor aktivitet på kveldstid med ungar som skal til og frå fritidsaktivitetar. Mangelfull vegbelysning gjer det mørkt om vinteren. |
| **113** | 41 | Omvikdal skule v/tilsette | https://kommunekar | **Omvikdalen:**<br>1. Viktigaste enkelttiltaket er å ferdigstilla **gangvegen BEST til BKK-energi**, slik at elevane går/ syklar trygt den biten. |
| **114** | | | | 2. Det er også flott at arbeidet Fitjaheio og til Feetvegen no er ordna og avslutta. |
| **115** | | | https://kommunekar | 3. Me vil også nemna at det **manglar lys** i heile Omvikdalsbygda. Det er stor trafikk av gåande/ syklande, smale vegar og ein del nesten-ulykker. |
| **116** | | | | 4. Skule og barnehage må halda temaet varmt, på klasseforeldremøte og i praktisk handling, med trafikkvakter og fokus på fin trafikkultur. |
| **117** | 42 | Tryggare veg på Kaldestad v/Kristi Saghaug | https://kommunekar | **Kaldestadvege**n: GS-veg<br>- Trafikkfarleg veg over lang tid utan at noko er gjort. Mange menneske bur i område.<br>- Særs farleg for både born, unge og vaksne.<br>Viser til tidlegare samtalar, les innspelet. |
| **118** | 43 | FAU v/Malmanger skule | | **Seimsfoss-Ænes**<br>1. KK bør ha eit **mål om at det er mogleg å gå og sykle til skulen for dei aller fleste elevane ved skulen** (slik er det ikkje i dag) |
| **119** | | | https://kommunekar | 2. **Fleire busshaldeplassar langs skulevegen som ikkje er i tilknyting til ein fotgjengarovergong**. Barn ned i 5-års alderen må krysset forkøyrsveg med 60 km/t, utan tiltrettelagt overgong.<br>A. Nye Lundsnesvegen<br>B. Busstopp ved Bunnpris - her trengs større stopplass<br>C. Avkøyring til Seglemsvegen.<br>D. Stien opp Svartedalen ned mot Fjordhotellet<br>E. Over innkøyringa til rådhuset<br>F. Rosendalstunet, mot Nes<br>G. Nordlegaste nedkøyringa til Neslia, busshaldeplass<br>H. Plan for overgong til Øvre Neslia<br>I. Byggefeltet på Løvfall<br>J. Byggefeltet på Ænes |
| **120** | | | | 3. **Fartsreduserande tiltak i tilknyting til busstopp**.<br>- Mange stader er det eit problem at bilistar ikkje held fartsgrensa. Mange foreldre vel å køyre borna til skulen grunna usikre overgongar.<br>- Betring av dette kan gje mindre biltrafikk i Rosendal, som gjer ein sikrare skuleveg. |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| **121** | | | https://kommunekar | 4. **Rosendal sentrum** - ynskjer **samanhengande fortau, færre kryssingar og større avstand** til bilar og tungtrafikk.<br>- mange elevar har skuleveg gjennom sentrum. Fortau blir fleire stader avbrotne av innkøyringar (avkøyrsler).<br>- Fleire stader må ein kryssa vegen då fortaua tek slutt.<br>- Fortaua er stundom smale, og mjuke trafikantar kjem vel nære lastebilar og bilar (til dømes frå Folgefonnsenteret til Rosendalsborken)<br>- Manglar fortau, som frå bedehuset til gamle barnehagen |
| **122** | | | | 5. **Hente/bringesituasjon v/Malmanger skule** - ynskjer ny løysing for føresette som køyrer borna til skulen<br>- Grunna utvidinga av garderobeanlegget ved symjehallen er snuplassen som tidlegare har vore brukt som dropsone om morgonen ikkje lenger eigna til føremålet. I tillegg til for liten snuplass, er denne plassen midt i gå/sykkelruta til ungdomsskuleelevane, noko som fører til skumle situasjonar der mjuke trafikantar og (morgonstressa) bilistar kjem i direkte konflikt. Det er mykje trafikk i området rundt skulen og rådhuset om morgonen,med både føresette og tilsette på rådhuset og på skulen.<br>- No blir området mellom elva og tidlegare SR-bank nytta som dropsone, noko som ikkje er optimalt. I dag må elevane krysse avkøyringa til rådhuset for å kome seg frå dropsona til skulen, samt at dei som går til skulen må krysse avkøyringa til banken/dropsona. Om løysinga som er i dag skal bli permanent, trengs det tiltak for å gjere det tryggare og meir oversiktleg.<br>- Det er ynskjeleg at det både er mogleg å parkere for å kunne følgje borna til skulen, og at det er en mogleg å gjere eit kort stopp for dei som berre skal sleppe borna av. Det bør leggjast vekt på at det er trygg veg for elevane frå stopplassen til skulen, og at dropsona ikkje kjem i konflikt med elevar som går/syklar til skulen.<br>- FAU ynskjer seg ei ny løysing som ser parkering til tilsette ved rådhuset, skulen og dropsone for elevar under eitt, og foreslår parkering for tilsette ved skulen/rådhuset ved banken, med dropsone i ei rundkøyringsløysing og få korttidsparkeringsplassar/hc-plassar utanfor rådhuset. |
| **123** | | | | 6. Heile **Rosendal** vert nytta til tur og undervisning i skuletida og fritidsaktivitetar av born og unge.<br>- mjuke trafikantar og eigna leikeområde for barn og unge bør takast omsyn til i alle planar og saker som gjeld området. |
| **124** | 44 | Kvinnherad Eldreråd | | 1. **Visjon bør lyde: «Ingen skal bli skadde eller drepne på vegane i Kvinnherad».** (ikkje varig skadd som tidlegare) |
| **125** | | | | 2. Statistikk Statens Biltilsyn: **Eldre er spesielt utsett i fotgjengarulukke**r ved kryssing av veg, og i ulukker med venstresving i kryss, på grunn av manglande observasjon/innhenting av informasjon. Eldre førere er også overrepresentert i utforkøyrings- og møteulukker der sjukdom eller trøtthet har vore avgjerande og utløysande årsak. |
| **126** | | | | 3. Studier frå Folkehelseinstituttet viste at **auka ljossetting** av veg senka risiko for trafikkulukker med personskade. Effekten vart ein reduksjon på 22%. |
| **127** | | | | 4. **Informasjon, skilting, merking og lyssetting av fotgjengerovergang og fortau** er viktige tiltak som kan hindre skade på personar. |
| **128** | | | | 5. Lov om folkehelsearbeid (Folkehelselova): Transportløysingar som trygge gang- og sykkelvegar, eit godt kollektivtilbod og eit vegnett tilpassa dagens trafikk, kan sjåast som **godt folkehelsearbeid**. Folkehelsearbeidet går og ut på å gje den einskilde innbyggar kompetanse og moglegheit til å ta vare på eigen helse. Eit godt og bredt haldningsskapande trafikksikringsarbeid er difor godt folkehelsearbeid. |
| **129** | | | | 6. Merknad p.3.1: Busetnad og folketal: Kommunen må ta **meir omsyn til ei aukande gruppe eldre over 65 år**. |
| **130** | | | | 7. Under 5.2.4: Statens vegvesen sine **haldningsskapande aktivitetar/kampanja**r: Pensjonistlaga, har saman med Statens vegvesen ved Biltilsynet, arrangert mange oppfriskingskurs Bilfører 65+. HVØ Pensjonistlag har hatt 50 personar på kurs. Dei kurs er gode og kan anbefalast. |
| **131** | | | | 8. **Under Mål: Trafikkantopplæring skal få auka vekt i skulen, barnehagar og hjå foreldra. Bør her også ta med Eldre.** |
| **132** | 45 | Varaldsøy Taxi | https://kommunekar | **Haukanesvegen - Sterk trong for trafikksikring**<br>- Går stein-, jord- og vegetasjonsras årsleg, samt steinsprang.<br>- Skuleveg med skuleskyss, treng snarleg ein trygg veg.<br>- 4-5 husstandar på Haukanes. |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| **133** | 46 | FAU v/Skarveland skule | | **Sandvoll-Holmedal**<br>1. Ber KK om å **vurdere trafikktryggleike**n for dei elevane som ikkje kvalifiserar til **gratis skuleskyss** att<br>- Elevar mellom 7 og 12 år som må ferdast langs – og på - vegen til skulen opplever eit **urimeleg stort ansvar på veg til skulen**<br>- Vegane er **smale**, og kombinasjonen av møtande trafikk og utfordrande vêrtilhøve gjer at vegen er særs utfordrande for sjølv den beste trafikant. Utrygge kryssingspunkt for dei mjuke trafikantane gjer at nokre av dei foreldra som har høve vel å skysse borna sine til skulen sjølv. Dette flyttar berre problemet bort til innkøyrsla til skulen, som er like uoversiktleg med mykje passerande trafikk og foreldre og tilsette som alle skal snu og manøvrere på det vesle området som er tilgjengeleg.<br>- Fleire stader gjer ulike faktorar som fart, sikt, vêrtilhøve at uønskte situasjonar oppstår.<br>- Berre godkjent gang- og sykkelveg på deler av skulevegen.<br>- Fartsnivå: Strekninga Holmedal – Sandvoll er ein ferjestrekning. Vegstrekninga frå Utåker inn mot skulen er ein rett strekning som gjer stort sannsyn for auke av fart.<br>- ÅDT i området er om lag 1200 køyretøy - der ein stor del er gjennomgangstrafikk. Om lag 11% av desse er rekna som store, tunge køyretøy.<br>- Ved snøfall må elevane som følgjer veg utan fortau gå lenger inn i vegbana for å komme seg på skulen |
| **134** | | | https://kommunekar | 2. Tydeleg **skilting** før skulen når ein kjem frå Utåker og frå Valen: fareskilt/opplysningsskilt om skuleborn. |
| **135** | | | https://kommunekar | 3. Erslandsvegen 2-20: må gå på feil side av vegen då det er autovern mot gangfelt over vegen.<br>- vurdere gangfelt og opning av autovernet for å sikre trygg plassering. Alternativ må det lagast fortau frå innkøyringa og til skulen, og trygg overgong i samband med busslomme og av/på-stigningsfelt. |
| **136** | | | https://kommunekar | 4. Avkøyrsla til Heio byggefelt: Her tek det gamle bedehuset/sandvollstova sikta frå trafikantane.<br>- Eit gangfelt og tydeleg skilting for å betre tryggleiken. |
| **137** | | | https://kommunekar | 5. Elevane som kjem frå vegane Velte og Skarvelandsvegen må krysse vegen tett på svingar i vegen, som er med på å gjere kryssinga uoversiktleg. |
| **138** | | | https://kommunekar | 6. Overgang til fortau uten gangfelt. Det er fleire førespurnader frå foreldre om utbetring i byggefeltet Heio. Fartsdumpar og gangfelt i samband med innkøyrsla mellom Heio 20 og Heio 24 er ønska som tiltak. Denne vegen vert nytta av borna i<br>Heio som den tryggaste skulevegen. Borna må krysse vegen midt i ein sving der det - særskild i tidsrommet ved skulestart – er ein del trafikk. Mykje av denne trafikken er frå større køyretøy pga. byggjeaktivitet. |
| **139** | | | | 7. Utbygging av fleire busskur ved busstoppa langs skulevegen. Både ved gamle butikken og rett ovanfor Skarvelandstallen står mange elevar tett opp i vegbana, og utan moglegheit for å skjerme seg for vêr og vind. |
| **140** | | | https://kommunekar | 8. Vidare utbygging av fortau og gateljos langs skulevegen, då frå skulen og bort til innkøyrsel til Erslandsvegen ved grustaket, samt Utåker – Holmedal |
| **141** | | | https://kommunekar | 9. Ynskjer at det blir vurdert fartsdempande tiltak v/Skarveland skule. Fartsdempande tiltak kan i dette tilfellet være reduksjon av fartsgrensa, fartsdumpar eller fotoboks |
| **142** | 47 | Landa Vel | | **1. Landa, Halsnøy - Busstopp og GS-veg, FV**<br>- Viser til synfaring med Statens vegvesen (2018), tidlegare ordførar og repr. frå sektor teknikk og miljø (09.10.2018). Les innspelet m/brev.<br>- Venteskur nordgåande retning<br>- Bru og trapp til FV fjerna (utrygg, uoversiktleg, trafikkfarleg)<br>- Høg fart, ikkje ljos<br>- Auka tal på bueiningar, fleire skuleborn (55 stk), fleire tomter ledige.<br>- Busetnad på begge sider av vegen - kryssing av veg til industriområde utan fotgjengarfelt. |
| **143** | | | | 2. **Busshaldeplass med skur, FV 5052** |
| **144** | | | | 3. **Fotgjengarfelt over FV5052** til busshaldeplann i punkt 2. |
| **145** | | | | 4. **Fotgjengarfelt frå fortauet på Bjoanesvegen til Landasjøen** |
| **146** | | | | 5. **GS-veg på Kvitavol**l vert bygd vidare ned til dei siste husa ved Buarhaug. |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| **147** | 48 | Line Sundal | https://kommunekar | 1. **Kryssing av Lundsnesveg - Lundsneset**<br>- Tidlegare vore sagt at det kan kome fotgjengarovergong, men det er i dag ikkje kome noko løysing, og ein må krysse vegen utan tiltak der bilar kjem i minst 60 km/t.<br>- Skal ein krysse vegen ved avkøyrsla, må ein passe på om det kjem bil frå 4 hald. Utrygt for born, og dei eldre er ikkje fullt så kjappe på beina og det vert ei utfordring.<br>- Har allereie vore styggespisodar.<br>- Alternativ sikring: **Fotgjengarovergong, 50 km/t, gangbru.** |
| **148** | | | https://kommunekar | 2. **Best-stasjon Dimmelsvik - trygg og sikker innkjørsle/utkjørsle**<br>- Veldig uoversiktleg, barna går mellom bilane, særskilt i rushtrafikken<br>- 3 moglege utkøyrslar<br>- Bør kome eit **bussskur** på motsatt side av det som står på nedsida av vegen. |
| **149** | | | https://kommunekar | 3. **GS-veg frå Lundsneset til BKK**, Vikjo, samt utviding av brua.<br>- Mykje tungtransport og traktortransport.<br>- Brua kan akkurat få plass til 2 bilar, noko som gjer situasjonen kritisk og trafikkfarlege for mjuke trafikantar. Vanskeleg å sjå born på/rundt brua. |
| **150** | 49 | Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne | | **Gjeld heile kommunen**:<br>1. **God tilkomst for rullestolbrukarar på fortau, fotgjengarar, GS-veg** |
| **151** | | | | 2. **Godt vegljo**s på spesielt fotgjengarfelt |
| **152** | | | | 3. **Godt merka fotgjengarfelt** i vegbana, samt **gode ljos** på begge sider. |
| **153** | | | https://kommunekar | 4. **Prioritere vegljos Langåt-Helland** og elles mellom bygdene |
| **154** | | | | 5. **Hogge ned skog** for å få betre sikt for gåande og køyrande - altfor masse vegetasjon på nedsida av vegbanen i heile kommunen. |
| **155** | | | | 6. **Prioritere vegen frå Toftebrekka/Sæbøvik-Ranavik** sidan dette er ein belasta veg grunna ferjekaien på Ranavik. Både breiare veg, samt gateljos heile vegen. |
| **156** | 50 | Røyrvik Grendalag | https://kommunekar | 1. **Ungdomsskuleelevar i Røyrvik**<br>- Vegen som leiar til busstoppet, er utan vegljos og i dårleg stand. Halvparten av vegen er ein sti som er konstant våt, og svært glatt om vinteren. Det er svært ulent terreng i delar av stien, og det har vore rotvelt av tre over vegen. Eit parti av vegen er og i ferd med å rase ut. Dette er ein sti som knapt egnar seg til turbruk<br>- viser til opplæringslova kap. 7<br>- Foreldra meiner og at dei fråtek barna sjølvstendigheten med å sjølv måtte ta ansvar for å f.eks. rekke bussen og berekne tid. Det er ei læring i det og begynne å ta buss i lag med medelevar. Dette bekymrar foreldra seg over, då det og kan gå utover den sosiale biten.<br>- Foreldre køyrer elevane til skulen.<br>- Alternativ for noverande busstopp kan vere **busstoppet som vert nytta av 1. og 2. trinn** (Sunde skule). |
| **157** | | | | 2. **Barneskuleelevar i Røyrvik** - Skuleskyss for 3. til 7. trinn.<br>- Elevar frå grunnskulen på Sunde 3-7 trinn har ikkje rettighetar i høve skuleskyss. Der er det lagt opp ei forventing om at dei skal sykle/gå 2,3 km utan nokon form for gatelys, eller fortau. Vegen er smal, og det er ikkje muligheit for passering med to bilar før du kjem til Bjellandsbrua. Det ferdast og mykje tungtrafikk på denne vegen gjennom Våge. Ingen av vegane har gatelys, fortau, og begge alternativa er like smale<br>- Løysing kan vere å gje alle elevane i 3.- 10. trinn frå Røyrvik skuleskyss frå same stad som 1.-2. klasse. |
| **158** | 51 | Svale Naterstad | https://kommunekar | **Guddal bru** - FV 5034: Låg varamur - **sikring av vegkant** mot elva. |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| **159** | 52 | FAU Sunde barnehage og skule | https://kommunekar | **Hamrabrekko** - viser til gjeldande TS-plan der tiltak på strekninga ligg inne.<br>- vegstrekning er mykje nytta i tursamanheng og av born på fritida samt at strekninga er skuleveg for born frå Opsanger, Slettestølen, Stølen, Bratten, Hammaren og Røsslandslia. Foreldre med og utan barnevogn nyttar strekninga til å følgja born til og frå barnehagen.<br>- utfordrande for mjuke trafikantar då vegen frå toppen på Slettestølen og ned til skulen og barnehagen er bratt og smal utan fortau. Vinterstid er denne strekninga ekstra risikofylt.<br>- Å setja opp vegbom på toppen av Slettestølen, slik dette byggjefeltet opprinneleg var planlagt med, vil etter FAU si meining gjera vegen ekstra farleg vinterstid for mjuke trafikkantar då trafikantar frå Stølen, Bratten og Hammaren vert tvinga til å køyra ner Hamrabrekko. Ein bom er heller ikkje å anbefala med tanke på utrykkingskøyretøy til nemnde område.<br>- Mogleg løysing: **enkelt å utvida vegen noko og/eller inkludera fortau frå Slettestølen og ned til områd**e. Store delar av arealet ned til skulen og barnehagen er kommunalt. I praksis vert dette då ei vidareføring av vegen i Slettestølen slik den no er. |
| **160** | 53 | FAU Omvikdalen skule | https://kommunekar | **1. Ferdigstilling av GS-veg BEST-BKK** |
| **161** | | | https://kommunekar | 2. Manglar **ljos** i heile **Omvikdalsbygda**<br>- Stor trafikk av gåande/syklande, smale vegar og ein del neste-ulukker. |
| **162** | | | https://kommunekar | 3. GS-veg til Holmen, Vikjo. |
| **163** | | | https://kommunekar | 4. **Sykkelsti/gangsti frå Fitjaheio til Fitjaåsen**- der kraftlina går i dag.<br>- Skuleveg<br>- Beitmark og privateigd område<br>- ville vore ein fin turveg for mange, og ein slepp å nytta fylkesvegen ned siste del av dalen. |
| **164** | 54 | Trafikksikringsgruppa Hatlestrand | https://kommunekar | **Hatlestrand**<br>1. **Ferdigstilling av GS-veg** i 2008 (inkl. oppdatering av regplan og tiltak) |
| **165** | | | https://kommunekar | 2. **Fartshumpa**r: Fartsputer i 40 sona på **fv48** har ikkje hatt tilstrekkeleg fartsdempande effekt all den tid vogntog med henger( i fartsmåling utført av Statens vegvesen i 2018) kan køyre i 77 km/t over fartsputene, og personbil vart målt i 80 km/t same plassen |
| **166** | | | | 3. **Farthumpar**: bør etablerast **i område der skuleborn ikkje har rett på skuleskyss**, der det ikkje er etablert GS-veg/fortau. |
| **167** | | | https://kommunekar | 4. **Heva gangfelt** over **FV 575 v/Buakrysset**, ved busstopp retning Ølve. |
| **168** | | | | 5. **Skilt og busstopp: manglar både langs fv 48 og 575.** |
| **169** | | | https://kommunekar | 6. Tunnelar: I pressemelding frå Hordaland Fylkesting sitt møte i Bergen 9. mars 2010 i fordeling av sekkepostar til fylkesvegbudsjettet 2010-2013 står det at 0,8 mill kr skulle brukast på tunnelåpningane mellom Mundheim-Gjermundhamn. I fjor sommar vart det arbeidd i desse tunellane (det ser ikkje særleg vakkert ut..) og vi undrast på **om Haugetunellen er godkjent til å bli benytta av mjuke trafikantar**? Om den ikkje er godkjent må det gjerast noko med. |
| **170** | | | https://kommunekar | 7. **Haldeplass Gjermundshamn ferjekai**: heile Gjermundshamn ferjekai er uoversiktleg og utrygg for både mjuke og harde trafikantar. Parkerte bussar bør parkerast i parkeringområdet på nedsida av vegen i svingen ved skulen. Dette området var så vidt vi veit, meint å bruke som parkering/oppstillingsplass for arbeidande på ferja, pendlarar og som oppstillingsplass for bussane. Denne plassen bør asfalterast og merkast. |
| **171** | | | https://kommunekar | 8. **Parkering av ferjemannskapsbilar**: Trafikksikringsgruppa fekk i mai 2018 hjelp av politiet i Fusa til å få ferjemannskapet til å flytta dei ulovleg parkerte bilane ved ferjelemmen, men dette varte ikkje lenge, og det er fortsatt eit problem. Skuleelevane frå Varaldsøy må manøvrere seg gjennom dette området når dei skal til og frå skulen og til og frå  trening/fritidsaktiviteter her på Hatlestrand. Dette må prioriterast og løysast straks då det er både uoversiktleg og farleg |
| **172** | | | https://kommunekar | 9. **Avkøyring ferja**: Når bilane får køyre av ferja er det 2 felt som får køyre samtidig, men det er ikkje så mange meter før det berre vert eitt felt. Dette fører til ein del "nestenulykker" og eit skilt i opptillingfeltet vert stadig køyrd på/ned. Dette må ein finne ei god og trafikksikker løysing på |
| **173** | | | https://kommunekar | 10. **Endra fartsgrense og fartshumpar mellom Hamnerås til Haugetunnelen.** |
| **174** | | | https://kommunekar | 11. **Fartsdempande tiltak på FV48 i 50-sona**. Her har elevane ikkje rett på skuleskyss. |
| **175** | | | https://kommunekar | 12. **Hauge og Stegane**: Nye byggefelt som må takast omsyn til i **ny TS-plan**. Gjer bygda attraktiv å flytte til. |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| **176** | | | https://kommunekar | 13. **Vegljos**.<br>- i 50-sona FV 575 mot Netland.<br>- Der det mangla på Gjermundshamn, ned mot tongjen.<br>- Mange skulebarn her som ikkje har rett på skuleskyss. |
| **177** | | | https://kommunekar | 14. **Ljos i gang/køyre-området ved skulen.** |
| **178** | | | https://kommunekar | 15. **Skagareset**: lite stykke veldig s**mal veg** med kun passasje for eit køyretøy, ubehageleg for gåande/syklande som får liten plass, går ikkje an å gå i grøfta. |
| **179** | | | | 16. **KK** kan gå føre som **eit godt døme med t.d. å be sine leverandørar respektera trafikkreglar/fartsgrense**, både i når kommune og andre stader dei ferdsast. |
| **180** | | | | 17. Kvinnherad kommune sitt mål om at "**alle skuleborn som bur i rimeleg gangavstand, skal ha trygg gang- /sykkelveg fram til skulen**"  - dette ynskje  Hatlestrand for sine skuleborn òg. |
| **181** | 55 | Ænes og Mauranger bygdalag | https://kommunekar | **1. Trafikken gjennom Mauranger** har auka kraftig etter at Folgefonntunnelen.<br>- Politiet har hatt hyppige kontrollar i 50 sona i Sundal og Austrepollen. Mange har fått førerkortet inndratt på grunn av **farleg høg fart**. Siste personen vart teke i 100 km/t.<br>- Det er laga klart for lyktestolpar på strekninga med Leitet og til Neset, men ingen lyktestolpar er kome på plass enda |
| **182** | | | | 2.  Skuleveg utan **ljos og gangveg** |
| **183** | | | | 3. Det er laga klart for **lyktestolpar** på strekninga med **Leitet og til Neset**, men ingen lyktestolpar er kome på plass enda |
| **184** | | | https://kommunekar | 4. **Mauranger skule**: trafikksikring av **inn- og utkøyrsla**.<br>- uoversiktlig kryss som gjev dårleg sikt på grunn av høge gjerder på brua<br>- stort problem med trafikken som sjeldan held fartsgrensene<br>- mange av elevar kjem med bussen til skulen<br>- Fleire bilar svingar også inn på gangfeltet over brua når den vert sperra av bussen. Dette gjev mange farlege situasjonar. |
| **185** | | | https://kommunekar | 5. **Ænes:** Nedsett hastighet til **50 km/t** og fleire/tydelegare **skilt** om skuleborn langs vegen |
| **186** | | | https://kommunekar | 6. **Furebergsbrua: Toalett** ved furebergsbrua |
| **187** | | | https://kommunekar | 7. **Fureberg: Busskiltet** som stod før, må kome tilbake |
| **188** | | | https://kommunekar | 8. **Tveitnes: Ljos** for borna som ventar på buss |
| **189** | | | https://kommunekar | 9. **Sundal: Fartsreduserande** tiltak: gangfelt, fartsputer i sentrum og ved Neset, Nedsett fartgrense til 40 km/t gjennom heile bygda, ljos, utbetra siktsona ved oppvekstsenteret. |
| **190** | | | https://kommunekar | 10: **Austrepollen: Gateljos** frå Nerhus til Gjerde og **utbetring av bru.** |
| **191** | 38 | Vestland fylkeskommune | | 1. **Forankring og eigarskap**: Forankra i administrativ og politisk leiing + dei ulike ledda i organisasjonen.  Om ein har konsulent, må ein likevel sørgja for administrativt eigarskap. |
| **192** | | | | 2. **Medverknad og lokalt engasjement**: Medverknad er viktig for å gi planen legitimitet, både hjå innbyggarar og politikarar. Sjå heile organisasjonen, heile samfunnet, særskilt grupper som kommunen har fokus på. Fleire typar opplegg. |
| **193** | | | | 3. **Tiltak som møter utfordringar**: Tiltaka bør svara på dei utfordringane som er i kommunen. Rus, høg fart og manglande bruk av bilbelte er faktorar me finn att i mange av dei alvorlege ulykkene i landet. Å jobba for ei betre åtferd. inkludera fagpersonar frå andre etatar i planarbeidet. |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| **194** | | | | 4. **Barn, unge og Hjertesone**: I eksisterande TS-plan for Kvinnherad er trafikktryggleik prioritert framfor enklast mogleg framkomst. Det inneber at trygge tilhøve for mjuke trafikantar skal vektleggast høgare enn reisetid med bil. Dette er viktige prinsipp som må vidareførast i den nye TS-planen.<br>- råda til å prioritera tiltak på vegar som er viktig for barn og unge, som tilkomst til skule og idrettsanlegg<br>- nasjonalt mål at åtte av ti elevar skal gå eller sykla til skulen, og då må vegane vera lagt til rette for desse reisealternativa<br>- viktig å arbeida med haldningar og åtferd.<br>- Hjertesone: å skapa trygge område rundt skulane med minst mogleg biltrafikk og motivera barn og unge til å gå eller sykla til skulen<br>- Eigne initiativ: "Alle skoler i Bergen skal innen utgangen av bystyreperioden ha en egen trafikksikringsplan med risikovurdering og tiltaksplan" "Alle skoler i Bergen skal innen utgangen av bystyreperioden opprette en "hjertesone"<br>rundt skolen, hvor det ikke er tillat å sette av eller hente elever som blir kjørt til skolen. Dersom barn likevel kjøres, må stopp- og hentested skje på markerte steder utenfor denne sonen." "Skolene skal være pådriver for at flest mulig går og sykler til skolen". Viser til kunnskapsdokument om Hjertesone og trygge skulevegar, Norconsult. |
| **195** | | | | 5. **Arealplanlegging:** Kommunen kan gjennom si rolle som arealforvaltar i stor grad sjølv påverka trafikktryggleiken ved å unngå utbygging i område langt unna viktige målpunkt og/eller utan infrastruktur for mjuke trafikantar. Det sikrar tryggare ferdsel til fots og på sykkel. Det bør også stillast rekkjefølgjekrav til utbyggjarar som sikrar trygge tilhøve for mjuke trafikantar. Det er viktig å sikra naudsynt areal til gang- og sykkeltiltak langs vegnettet, særleg der barn og unge ferdast |
| **196** | | | | 6. **Felles innsats**: Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerheit på veg 2018-2021 er eit sentralt dokument for den samla nasjonale og regionale innsatsen for færre drepne og hardt skadde i vegtrafikken, og er også relevant for kommunane sitt arbeid. Me vil oppmoda kommunen til å kopla eigen plan til satsingsområde i den nasjonale tiltaksplanen. |
| **197** | 56 | Bengt Ole Myklebust (for seint innkomme innspel) | https://kommunekar | 1. **Utvide forbikøyringforbod-sona** til **Uskedalen bru**. Mange nesteulukker på strekninga, sæskilt på strekninga v/Brekketoppen (Byggeriet og Auto88) |
| **198** | | | https://kommunekar | 2. Asfalten gjennom heile Uskedalen er så nedsliten at på ein vanleg regnvêrsdag er det så mykje vatn i hjulspora at det endrar køyremønsteret og det er berre eit spørsmål før det opstår omfattande møteulukker. Kan gjelde strekningar i heile kommunen. |
| **199** | | | | 3. Dempe gjennomgangstrafikken i uskedalen sentrum med tunnel frå Uskedalen bru til Ljosneslia. |
| **200** | 57 | Seimsfoss Grendalag | https://kommunekar | 1. **Busstopp Bunnpris, sørgåande - opparbeiding av busstopp**<br>Industriklyngje og etablering av Felleskjøpet vil trafikken i området aukaog dei utfordringane det fører med seg. |
| | | | https://kommunekar | 2. **Fortau** frå busstopp til fortau langs FV500, til Bunnpris. |